

LOVPRISING

Ved din herlegdom! Kvar gong eg løftar augo mine mot din himmel, kjem eg i hug din høgd og opphøgde stand, og din uforliknelege herlegdom og din stordom. Og kvar gong eg vender blikket mot di jord, blir eg leidd til å erkjenne prova på di makt og teikna på dine gode gåver. Og når eg ser på havet, finn eg at det talar til meg om din majestet og krafta frå ditt velde og om ditt herredømme og di stormakt. Og når enn eg skodar fjella, blir eg leidd til å oppdage teikna på din siger og styrken frå di allmakt. Eg sver ved ditt velde, Å du som i ditt grep held heile menneskeheita sine taumar og folka sin lagnad! Eg blir så oppflamma av kjærleiken min til deg og så rusa av vinen frå din einskap, at eg frå vinden si kviskring kan høyre lyden av di lovprising og herleggjering, og i susen frå vatnet kan kjenne røysta som kunngjer din føremon og dine eigenskapar, og frå raslinga i lauvet kan ane mysteria som er ugjenkalleleg forordna av deg i ditt rike.¹

– Bahá'u'lláh

PRØVINGAR OG VANSKAR

Finst det nokon som fjernar prøvelsar utan Gud? Sei: Lova vere Gud! Han er Gud! Alle er tenarane hans, og alle held fast ved boda hans!²

– Báb

Sei: Gud er fullnøyande alt framfor alt, og ikkje noko i himlane eller på jorda eller i kva som enn ligg mellom dei er fullnøyande utan Herren din Gud, Han er i seg sjølv den vetande, den oppretthaldande, den allmektige.³

– Báb

¹ Bahá'í bønner (Bahá'í Forlag, 2011), s. 104.

² Bahá'í bønner, s. 135.

³ Bahá'í bønner, s. 135.

AHMADS TAVLE

“Dei daglege obligatoriske bønene, saman med nokre får andre spesielle, som lækjebøna og Ahmads tavle, har Bahá'u'lláh gitt ei eiga kraft og tyding, og derfor bør ein godta dei som slike. Den søkjande bør lese dei med tru og tillit utan atterhald, slik at han med hjelp av dei kan komme inn i eit mykje nærare fellesskap med Gud og kjenne seg meir eitt med lovene og forskriftene Hans.”

Frå eit brev skrive på Shoghi Effendi sine vegner.

Han er Kongen, den allvitande, den vise!
Sjå, Paradisets Nattergal syng frå greinene på det evige treet i heilage og livlege tonar, og forkynner for dei oppriktige den glade bodskapen om Guds nærleik, kallar dei som trur på den guddommelege einskapen til forgarden til den gåvmildes nærvær, fortel dei som har lausrive seg om den bodskapen som er openberra av Gud, Kongen, den herlege, den umåtelege, og leiar dei som elsker han til heilagdomens sete og til Denne strålende venleiken.

Sanneleg, dette er Den største venleiken som tidlegare er føresagt i bodberarane sine bøker, og ved desse skal sanning skiljast frå villfaring og visdomen i kvar forordning bli prøvd. I sanning er han Livets Tre som ber fruktene frå Gud, den opphøgde, den mektige, den store.

Å, Ahmad! Ver du eit vitne på at han sanneleg er Gud og at der ingen annan Gud er enn han, Kongen, vernaren, den umåtelege, den allmechtige, og at den som han har sendt med namnet 'Alí⁴, er den sanne utsending frå Gud, og boda hans lyder vi alle.

Sei: Å, menneske, ver lydige mot Guds forordningar, som er pålagde oss i Bayánen av den herlege, den vise. Sanneleg, han er Kongen blant bodberarane, og Boka hans er Moderboka, om de berre visste det.

Slik lar Nattergalen songen sin lyde til dykk frå dette fengselet. Den einaste oppgåva hans er å overlevere denne klåre bodskapen. Den som ynskjer det, la han vende seg bort frå dette rådet, og den som ynskjer det, la han velje vegen til sin Herre.

Å, menneske, dersom de fornektar desse orda, ved kva for prov har de då trudd på Gud? Legg fram provet, hyklerske skare!

Nei, ved den som har sjela mi i si hand, ikkje er dei i stand til dette, og aldri skal dei bli det, om dei så skulle slutte seg saman om å hjelpe kvarandre.

Å Ahmad! Gløym ikkje gåvene mine medan eg er fråverande. Gøym i hugen din minnet om dagane mine, og hugs trengselen min og forvisinga i dette avsides fengselet. Og ver du så standhaftig i kjærleiken min at hjartet ditt aldri vaklar, sjølv om sverdslaga frå fienden haglar ned over deg og alle himlane og jorda reiser seg mot deg.

Ver du som ein flammande eld mot fiendane mine og som ei elv av evig liv for dei eg elsker, og ver ikkje av dei som tviler.

Og om du blir råka av liding på min veg, eller fornedring på grunn av meg, så la deg ikkje uroe av det.

⁴ Báb

Lit på Gud, din Gud og fedrane dine sin Herre. For menneska vandrar på ville vegar, fråtekne evna til å sjå Gud med sine eigne auge eller høyre melodien hans med sine eigne øyre. Slik har vi funne dei, som du og er vitne til.

På denne måten er overtrua deira blitt eit slør mellom dei og deira eigne hjarte og har halde dei vekke frå den vegen som fører til Gud, den opphøgde, den store.

Ver du i deg sjølv forvissa om at sanneleg, den som vender seg vekk frå denne Venleiken òg har vendt seg vekk frå bodberarane i fortida og viser hovmod andsynes Gud frå all æve og til all æve.

Lær denne tavla godt, å Aḥmad. Sei ho fram medan du lever dagane dine, og la ikkje vere å gjere det. For Gud har i sanning bestemt for den som framfører ho, løn som til hundre martyrar og teneste i begge verder. Denne godhugen har vi gitt deg som ei gåve frå vår side, og som ein nåde frå vårt nærvær, slik at du kan bli av dei som er takknemlege.

Ved Gud! Skulle ein som lir eller sørger lese denne tavla med frimodig hug, vil Gud drive vekk sorga hans, løyse vanskane hans og fjerne lidingane hans.

Sanneleg, han er den godhjarta, den medlidande. Lova vere Gud, Herren over alle verder.⁵

– Bahá'u'lláh

⁵ *Bahá'í bønner*, s. 239.